

## Møtereferat frå RG1, 21. mai 2024

### Deltakare:

- Alexander Stimson, *Byggdrifter Tokke Skule*
- Randi Eikåsen, *Reinhaldsleiar*
- Ingrid Vadder, *Hovudtillitsvald for utdanningsforbundet og Lærar*
- Grunde Seltveit, *Avdelingsleiar VTDS*
- Monica Tjønn Lunde, *Hovudverneombod og barnehagelærer*
- Tonje Felland, *Rep. FAU*
- Jenny Fetveit, *Arealplanlegger/Arkitekt*

### Samtaleemne:

- Val av gruppeleiar (Alexander Stimson)
- Presentasjon av deltakarane
- Introduksjon av Prosjektleder John Kjell Lien
- Presentasjon av fagfelte til deltakarane og tankane rundt prosjektet
- Vurdering av alternativa lagt fram av AG
- Konklusjon
- Neste møteinnkalling i juni (dato enno ikkje fastslått)

### **Innspel til alternativa i referat frå arbeidsgruppa.**

Lio-bygget ligg ganske bra plassert. Ved å byggja ein heilt ny skule er det rimeleg å tru at det vil bli lagt eit nytt bygg omtrent i same fotavtrykk som Lio-bygget har i dag.

Det kan likevel vera nyttig å utfordra arkitekten på å laga ein overordna volumstudie av alternativ 3 (nybygg) for å undersøkje om det finst nokre moglegheiter betre for fotavtrykk som til no ikkje har vore klargjort.

Dersom ein slik studie også viser plassering av bygningskropp der Lio-bygget ligg i dag, er referansegruppa samde i at alternativ 2 er eit godt alternativ for vidare arbeid.

### **Særs viktige punkt for den grunnleggjande utforminga er:**

- Klassetrinnsdelte sonar inne og ute (1-4tr. 5-7tr.og 8-10tr.)
  - Eigne inngangar med toalett og garderober for dei tre trinnsgroppane.
- Grupperom til kvar enkelt klasserom med nokre ekstra grupperom til anna (her kan det til dømes brukast rom i Lio-fløya utforma til dette formålet).
- Eit større rom som kan brukast til å avhalde eksamenar og tentamenar i og fungere som eit møterom med dei tekniske funksjonar som trengs til det.

- Sentrert teknisk rom ved sida av vaskesentral saman med varelevering og heis. Plass til å ta inn større varer ved behov (dobbeltdør/garasjeport), slik at ein i framtida kan lettare utføre vedlikehald og eventuelt utskifting av defekte komponentar.
- Effektive arbeidsareal for tilsette ved skulen. Dei er avhengige av å kunne samarbeide tett, men samtidig ha arbeidsro rundt seg når det trengs.
- Kantine, ein samlingsplass for elevar med eit godt kjøken og romsleg sitteareal. I Vinje leiger dei ut kjøken til bl.a. konfirmasjonar. Dette kan gjeve ei lita bi-inntekt.

### **Tema me meiner er viktige i den vidare prosjektutviklinga:**

#### **Energieffektivitet:**

Sentral varmestyring, til dømes energibrønn og vannbåren varme med SD-styring sentralt. Varmegjenvinning. Eit godt dimensjonert ventilasjonsanlegg, styrt via SD-anlegg eller liknande.

#### **Arealdisponering - sjå ute og inne som ein heilskap:**

Fotavtrykket til bygget, rommene det skaper inne og uteromma som blir skapte av fotavtrykket. Plassering av bygget må sjåast i samanheng med logistikken for heile området, både den innvendige og den utvendige. Uteareala (på overordna nivå) bør inkluderast i prosjektet allereie no. Kvar ligg dei, kva nivå ligg dei på? Har dei ulike nivå? Strekkjer dei seg opp til 2. etg.? Kan 2. etg. har takterrasse som blir kopla på med ei amfitrapp utandørs? osv.

#### **Parkering:**

I dag beslaglegg parkering store uteareal samtidig som elevane har litt lite uteareal tilgjengeleg. Kan ein heller leggja parkering for tilsette i kjellaren til nybygget? Dette vil frigjera store areal, og vil gjera at me fort kan "bli kvitt" bilane. Dette må sjåast i samanheng med overordna logistikk.

#### **Logistikk:**

Både innvendig og utvendig logistikk.

Kvar går ein? Kvar køyrer ein? Kvar slepper ein av barna ("Drop-off"-sone) og kvar parkerer ein når ein skal på jobb?

#### **Den overordna strukturen i bygningen:**

Kvar går ein inn i bygget, kvar er bygget ope og kvar er det lukka? Mot kva himmelretning ligg klasseromma og kvifor? Kva funksjonar ligg inntil kvarandre? Det bør vera semje om eit tverrfagleg funksjonsdiagram.

#### **Straum- og datauttak:**

Utforme anlegg slik at ein i størst mogleg grad slepper å bruke skøyteleidningar. Dimensjonere godt slik at det er plass til å bygge på anlegget i framtida. Det må leggjast til rette for at antall

datauttak er tilstrekkeleg med rom for utviding. Dette bør kombinerast med eit godt dekt trådlaust nett.

### **Utfordre arkitekten på Fleksibilitet, Generalitet og Elastisitet.**

Me kan ha mykje å henta på å ha eit bevist forhold til desse omgrepa.

Døme:

Generalitet: Har klasseromma ein storleik og form som gjer at dei er eigna til å vera noko anna enn berre klasserom (no eller i framtida)

Elastisitet: Kan gangareala ha "lommer" som kan stengjast av og fungera som mellombelse grupperom? Når dei ikkje blir brukte til grupperom, kan dei vera ein del av gongen/opphaldssonar. Kan fleire mindre rom enkelt slåast saman og danna eit større rom?

Fleksibilitet: Kan skulen enkelt utvidast eller blir seinare endra? Veit me kvar me kan leggja til eit areal i framtida, eller kvar me kan fjerne ein vegg og gjera rommet innanfor om til noko anna?

*Til orientering:*

*SINTEF Byggforsk* bruker følgande definisjonar:

- *Fleksibilitet:* Evne ein bygning har til å møte vekslande krav gjennom å forandre eigenskapar.
- *Generalitet:* Evne ein bygning har til å møte vekslande krav utan å forandre eigenskapar.
- *Elastisitet:* Evne ein bygning har til å utvide eller redusere areala innanfor ein gitt geometri.

Vi ynskjer å gå meir i detalj på framtidige møter rundt desse punkta og gler oss til å vere med vidare i prosessen. Dersom de har spørsmål i forhold til ovannemnte punkt, høyrer vi frå dykk!